

Nytt fra Smøla Historielag

Nr 1/2007

Fra møteboka , 2007, den 31. mai blei det holdt stiftelsesmøte for Smøla Historielag på Smøla Motell, Straumen på Innsmøla.
16 personar møtte fram.
Etter åpning blei Lars Roksvåg valgt som møteleder og Magne Gjernes valgt til å føre møteboka.

Disse vedtektene blei vedtatt:

- §1. *Smøla historielag er ein lokalhistorisk samskipnad for Smøla.*
- §2. *Laget har til formål å vekke historisk interesse, og arbeide for å auke og spreie kunnskap om historie og tradisjonar i Smøla og naboombråda.*
- §3. *For å nå formålet kan laget i samarbeid med aktuelle kommunale organ, bibliotek, lokale museum og museumslag*
- 3.1. *Arrangangere møte, kurs, ekskursjonar, registreringar og fotografering, innsamling av munnleg tradisjon, musikk, stadnamn og anna av historisk og kulturell interesse.*
 - 3.2. *Arbeide for at det blir utgjeve årbok (Smølaminne), medlemsblad og historiske skrifter.*
 - 3.3. *Arbeide for vern av fornminne og kulturminne av alle slag i kommunen*

§4. *Laget kan stå tilslutta andre lag og samanslutningar med same formål.*

§5. *Medlemmer av laget er alle som betaler årleg kontingent. Kontingenten blir fastsett av årsmøtet. Kvart medlem får eitt eksemplar av årboka.*

§6. *Årsmøtet blir heldt kvart år. Styret gjer årsmøtet forsvarleg kjent i høveleg tid føreåt. Årsmøtet skal ha for seg:*

- 6.1. *Årsmelding*
- 6.2. *Revidert rekneskap*
- 6.3. *Valg av:*
 - 6.3.1. *Leiar ved særskilt valg for 2 år*
 - 6.3.2. *2 styremedlemmer kvart år for 2 år*
 - 6.3.3. *3 varamedlemmer i rekkefølge for 1 år*
 - 6.3.4. *Revisor og vararevisor for 2 år*
 - 6.3.5. *1 medlem for 3 år til valgnemnd på 3 medlemmer*
- 6.4. *Fastsette kontingenten*
- 6.5. *Framlegg frå styret til arbeidsprogram for neste år*
- 6.6. *Innkome forslag*

Stemmerett har alle medlemmer som møter og har betalt årskontingenten. Framlegg til årsmøtesaker må ha kome til styret minst 3 veker før årsmøtet.

§7. *Ekstra årsmøte kan haldast når styret gjer vedtak om det. For innkalling og møtevarsel gjeld reglar som for vanleg årsmøte. Ekstra årsmøte kan berre ta opp saker som er kunngjort i innkallinga.*

§8. *Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer med 3 varamedlemmer. Styret vel seg nestleiar, skrivar og kasserar. Varamedlemmene får tilsendt sakspapira til styremøta. Styret er vedtaksført når leiar eller nestleiar og 2 andre styremedlemmer er til stades. Styret kan peike ut redaktør for årbok og medlemsblad og styret kan nemne opp utvalg til å ta seg av spesielle arbeidsoppgaver.*

§9. Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal endre lagslovene. Framlegg til lovendring må vera gjort kjent for medlemmene samtidig med innkallinga.

§10. Laget kan løysast opp når to vanlege årsmøtet på rad har gjort vedtak om oppløysing med 2/3 fleirtal. Lagsarkiv, aktiva og midlar går etter vedtak av det siste årsmøtet til lag og institusjonar i området som deler formålet til laget.

Valga blei slik:

| | |
|--|---|
| Leder: | Karle Gjernes |
| 2 styremedlemmer 1 år: | Kjell Egil Fredly Aud Hopen |
| 2 styremedlemmer 2 år: | Lars Roksvåg Tove Betten |
| 3 varamedlemmer til styret: | 1. Per Bastian Kuløy 2. Elisabeth Sørлие 3. Inger Gjernes Holberg |
| revisor: med vararevisor: | Erling Ødegård Leif Ågesen |
| Valgnemnd : | Inger Anne Rangnes Harald Iversen Randi Solli |
| Redaksjonskomite for årbok/Smølaminne: | Reidun Åstasund Jorunn Jonassen Heidi Brimi |

Redaktør for internettheimeside: Magne Gjernes

Møtet vedtok også arbeidsprogram for 2007:

- Arbeide for å få gitt ut Smølaminne til jul 2007.
- Styret gir ut meldingsblad til medlemmene
- Laget vil ha egen nettside
- Legge grunnlag for å begynne:
 - med fotoinnsamling
 - Samle smølaord og uttrykk
 - Båthistorie
 - Intervju av eldre

Kontingenten for 2007 blei satt til 100 kr og kan betales på konto 3936.20.42805

Husk å skrive navn og adresse

Kultur og oppvekstsjefen i Smøla har tatt med Smøla Historielag i søknad om prosjektmidler –*Den kulturelle spaserstokken- På lag med de eldre*

Historielagets nettside finn du på Smøla kommunes nettsider under Tjenester/Kultur og fritid.

Styret vil konstituere seg og komme i gang med arbeidsoppgavene etter sommerferien.

God sommer